



Thore Helland
Lervikvegen 80
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6810 - 20/13899

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
11.03.2020

Registrert feil og manglar i septiktank - gbnr 458/1

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 458/1
Tiltakshavar: Thore Helland

Alver kommune har den 10.03.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning den 04.03.2020 vart registrert fleire feil og manglar i septiktanken på eigedomen dykkar med adresse Lervikvegen 80, 5936 Manger. Det vart rapportert om at det var høgt nivå i tanken. Den var heilt fullt med slam og det er lause skiljevegger i tanken.

Melding om same tilhøvet vart også sendt til dykk frå tidlegare Radøy kommune den 14.02.2018 med frist for å rette opp tilstanden **08.03.2018**. Ved kontakt med Norva24 den 10.03.2020, informerer sakshandsamer der at dei ikkje har motteke melding om at den ulovlege tilstanden er utbetra.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

Alle dei ovannemnde tilhøva må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 15.04.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetra tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Hilde Lervik Helland
Thore Helland

Lervikvegen 80 5936
Lervikvegen 80 5936

MANGER
MANGER